

Innspel frå Utdanningsforbundet Hareid:

# Vern lovleg drift i skulen!

Hareid Kommune er igjen ein «Robek»-kommune, og vi forstår alle at det fordrar endringar, kutt og tøffe prioriteringar. Vi vil med dette innstendig be om at de folkevalde i Hareid i denne prosessen vernar om den viktigaste ressursen vi har for framtida: elevane våre.

Vi ber om at skulane får drive lovleg, etter både opplæringslova og arbeidsmiljølova. Dette skulle vore ei sjølvfølge, men med kutt i bemanning og tilsettingsstopp, samt instruks frå kommunedirektør om strenge føringar knytt til vikarbruk, er vi sterkt uroa over situasjonen. Vi har tidlegare reagert på underbudsjettering og manglande administrativ og politisk ansvarstaking når det gjeld budsjett som sikrar lovleg drift i skulen (Vikebladet, 20.06.24). Vi er ikkje mindre bekymra i dag. Elevane våre, og innhaldet i skulen må prioriterast. Vi er avhengige av tilstrekkeleg med lærarkrefter for å gi alle dei ulike elevane våre den opplæringa, og det gode psykososiale skulemiljøet dei har krav på. Vi må kunne forvente at opplæringslova blir fylgt, og at vi får vikar (og ikkje ytterlegare ekstraarbeid) ved vanleg og venta fråvær.

Vi opplev ein utbreidd kritikk mot skulesektoren i Hareid, som «ikkje er i stand til å halde budsjett». Vi sett spørsmålsteikn ved om dei som har utarbeidd desse budsjetta dei siste åra har hatt innsikt i dei mange og auka økonomiske krav og behov skulane har, all den tid sektoren har stått utan leiing. Har ein fullt ut medrekna auka utgifter knytt til SFO? Utgifter knytt til mottaksklasse for flyktingar? Utgifter knytt til individuelt tilrettelagd opplæring og enkeltelevar med ekstra behov? Utgifter knytt til lovpålagd tidleg innsats? Eller knytt til den kommunalt innførte digitale satsinga? Har ein lagt opp til eit budsjett der forsterka arbeid med trivsel og læring på dei lågare trinna sparar behova for kostbar «brannslukking» seinare i skuleløpet? Har skulane fått ressursar nok til eit solid arbeid med skulemiljø, og til å følgje opp skulefråværsaker? I skulen opplev vi at overskriding av budsjett dei siste åra skuldast underbudsjetteringar.

Vi forstår at noko må gjerast for å betre kommunen sin økonomiske situasjon. Men vi ber om at alle steinar snuast for å unngå kutt som går utover innhaldet i skulen. Gjer det som gjerast må, men vern ei lovleg og forsvarleg drift!

Alternativet vi fryktar er ei kvalitativt mangelfull opplæring, elevar som mistrivst, eit dårlegare skulemiljø, og auking i melding av saker til statsforvaltaren. Vi fryktar eit dårlegare arbeidsmiljø for oss tilsette, utbrende lærarar og verdifulle tilsette som søkjer seg vekk frå Hareid. Dette har vi ikkje råd til! Og vi ber om at innhaldet i skulane vernast ikkje minst fordi: Elevar som trivst, meistrar og utviklar seg i skulen i dag, kan bli vaksne som vil bu i Hareid i framtida.

For styret i Utdanningsforbundet Hareid,

Ida Ljønes Grimstad (arbeidsplassfulltidsvald ved Hareid skule)